

Årsmelding 2020



Fluenes herre. Teater i ungdomshuset i Dale. Jakob Sande Forteljesenter . Foto: David Zadig

INNHALD

2	Bakgrunn, føremål og eigarskap
3	Forvaltningsstrategi
3	Gåver til allmennyttige føremål
7	Tildelingar
9	Eigedelar, resultat, disponering av overskot
10	Styrande organ
	Rekneskap med notar
	Revisjonsmelding

Styret si årsmelding for 2020

Bakgrunn

Då Fjaler Sparebank 12.03.2010 valde å slå seg saman med Sparebanken Sogn og Fjordane, fekk vi ein ny bank med større slagkraft enn kvar av bankane hadde før. Formelt vart dei to bankane éin bank frå 01.09.2010. Ved samanslåinga vart ein stor del av grunnkapitalen i bankane overført til to stiftingar, Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og Sparebankstiftinga Fjaler.

Føremål

Vedtektene seier dette om føremålet for stiftinga

- *Stiftinga sitt føremål er å forvalte eigenkapitalbevis som stiftinga vart tilført ved skipinga, og å stå for eit langsiktig og stabilt eigarskap i Sparebanken Sogn og Fjordane.*
- *Stiftinga skal i tillegg plassere midlane på ein føremålstenleg og trygg måte ut frå omsynet til trygd, risikospreiing, likviditet og avkasting.*
- *Stiftinga sitt føremål skal vidare vere å gje gåver til allmennyttige føremål. Ved sine disposisjonar skal stiftinga først og fremst ta omsyn til det distriktet som har bygd opp kapitalen til tidlegare Fjaler Sparebank.*
- *Ved si verksemd skal stiftinga støtte Sparebanken Sogn og Fjordane i banken sin vidareføring av sparebanktradisjonar.*
- *Elles kan stiftinga stå for anna verksemd som kan sameinast med nemnde føremål og sparebanklova.*

Eigarskap i Sparebanken Sogn og Fjordane

Det er dei to sparebankstiftingane som står som største eigarar av banken. Sparebankstiftinga Fjaler eig 5,92% av eigenkapitalbevisa i Sparebanken Sogn og Fjordane, Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane eig 93,91% og andre eig 0,17% (tilsette og styremedlemer i banken). Dei to stiftingane vel til saman 40% av medlemene i generalforsamlinga i sparebanken.

I stiftinga sin eigarstrategi er det slege fast at

- Sparebankstiftinga Fjaler skal vere ein langsiktig, stabil og aktiv eigar i SSF. Vårt eigarskap skal bygge på at SSF vidarefører sterke lokalbanktradisjonar i Fjaler kommune, samt at banken skal framstå som fylket sin leiande bankaktør.
- Vi vil oppretthalde eit eigarskap på minimum stiftinga sin grunnkapital (1.064.530 ek-bevis). Utover dette kan ek-bevis i SSF kjøpast og selgast som ledd i stiftinga sin kapitalforvaltning.
- Stiftinga har som føremål å bruke av overskotet til allmennyttige gåver. Vi vil med vårt eigarskap aktivt arbeide for at SSF vektlegg god drift, med moderat risiko, og at kort- og langsiktige mål om kursutvikling ikkje går utover gode og løpande utbytteutbetalingar.

- Stiftinga vil søkje samarbeid med SSF på område som kan underbygge og styrke stiftinga og/eller SSF sin verksemd.
- Vi vil aktivt arbeide for å få posisjonar i SSF sine styrande organ der dette er føremålstenleg for å underbygge våre mål og ambisjonar.

Stiftinga er i dag representert i banken si generalforsamling og i banken sin valkomite for generalforsamling.

Forvaltningsstrategi

Eigedelane i Sparebankstiftinga Fjaler består av:

Eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane (1 152 992 bevis)

Eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane	kr 116 453 060
--	----------------

Likvide midlar:

Bankinnskot	kr 16 566 695
Aksje/rentefond	kr 10 014 521
Andre finansielle instrument	kr 197 355

Anna	kr 57 753
------	-----------

Det skal byggast opp ein likviditet over tid som tilsvarar om lag tre års drift i stiftinga (til drift og allmennyttige gåver). Denne likviditeten skal i hovudsak vere plassert i bankinnskot og pengemarknadsfond.



Kaldhallen. Foto: David Zadig

Stiftinga sine likvidar er hovudsakleg plassert i bank. Renteavkastninga på bankinnskott har vore lav heile året. Det vart difor vurdert som fornuftig å plassere noko av midlane til betre avkastning, men samstundes med låg risikoprofil.

Det er i 2020 investert kr 3 999 516 i fond. Det er ikkje solgt fond eller EK-bevis i 2020.

Urealisert vinst pr 31.12.20 i fond var ca kr 1 180 000.-.

Gåver til allmennyttige føremål

Styret i Sparebankstiftinga Fjaler har som mål at delar av stiftinga sitt overskot skal gjevast som årlege gåver til allmennyttige føremål. Dette skal utløyse aktivitet og eigeninnsats og dermed auke trivselen i nærmiljøet. Stiftinga skal i si verksemd først og fremst prioritere gåver i det distriktet som har bygd opp grunnkapitalen (sparebanken sitt fond) i tidlegare Fjaler Sparebank. Styret legg vekt på god kunngjering og informasjon om gåveprosessen. Les elles om gåveinstituttet, tildelingane og reglane for å søke på www.ifjaler.no.

Stiftinga la i 2020 opp til éin søknadsrunde for gåver til allmennyttige føremål, med søknadsfrist 1. mars. På grunn av koronakrisa valde styret å ikkje dele ut heile ramma som var avsett til gåver, men å ha midlar disponible til å kunne dele ut til tiltak som kunne avhjelpe verknader pandemien kunne ha for lag og organisasjonar.

Sidan første utdeling frå stiftinga hausten 2010 har stiftinga delt ut kr 19 888 336, fordelt på 439 tiltak/søkarar, av dette kr 3 098 750 i 2020 fordelt på 30 mottakarar. Det vart i 2020 delt ut 3 gåver i «På Rappen-ordninga». Dette er ei ordning der ungdom kan søkje på inntil kr 5.000.-, gjennom heile året, og få svar innan kort tid. Det står pr 31.12.20 att kr 10 000 som unytta på denne posten.

I 2020 er det sett av kr 1 000 000 til gåvefond. Gåvefondet er på kr 6 218 753 pr 31.12.20. Gåvefondet er meint som ein reserve for framtida, dersom det skulle komme enkeltår der resultatet elles ikkje gir høve til gåveutdeling.

I 2020 er det sett av kr 1 000 000 til gåvefond. Gåvefondet er på kr 6 218 753 pr 31.12.20. Gåvefondet er meint som ein reserve for framtida, dersom det skulle komme enkeltår der resultatet elles ikkje gir høve til gåveutdeling.

Støtta frå stiftinga gjev rom for ei stor breidde av tiltak innan kultur, idrett og nærmiljøtiltak, alt frå driftstøtte til små og store organisasjonar til støtte til store prosjekt, t.d. idrettsanlegg og forsamlingshus. Stiftinga har følgd opp sparebanktradisjonen med å gje driftsstøtte til dei mange laga i Fjaler/Holmedal som betyr mykje for aktiviteten og trivselen i sine bygder, men er òg med og støttar dei store prosjekta som er nyskapande og som medfører stor eigeninnsats.

Større tildelingar i 2020 som kan nemnast er:

Kr 200 000 til oppstart av Fjaler Skulemusikk, kr 250 000 til Fjaler og Omegn Motorsportklubb til kjøp av traktor, kr 200 000 til Jakob Sande-selskapet (residensordninga og etablering av eit barne- og ungdomsteater, kr 100 000 til trimrom ved Våge skule, kr 190 000 til

Preform AS, kr 150.000 til støtte meirkostnader for lag og organisasjoner på grunn av korona.



ATV-bana i Dale. Foto: David Zadig

Generalforsaminga vedtok ramme kr 3.500.000 for g veutdeling 2020, og kr 3.500.000 for 2021. Med bakgrunn i at banken sitt utbytte for 2019 vart endra fr  kr 8.- pr eigenkapitalbevis til kr 4.- pr stk, vil styret foresl  at g veramma for utdeling i 2021 vert endra til kr 2 500 000.



Kaldhallen reiser seg. Foto: David Zadig

Tildelingar 2020:

ORGANISASJON	PROSJEKT	VEDTAK
DALE IDRETTSLAG	Kaldhallen (tildelt i 2019 av 2020-midler)	1 000 000
FAU Fjaler Ungdomsskule	Fotballbane som aktivitetsareal for ungdomstrinnet ved nye Dingemoen skule.	250 000
DALE UNGDOMSLAG	Gje skulane eit tilbud til god barnefilm i skuletida.	17 000
HOLEHOLTEN 4H	Holeholten 4H er 40 år i år. Markering i samband med årleg haustfest i oktober.	20 000
FJALER KOMMUNE	Utvikling av utstyrsBUA i Fjaler med meir sommarutstyr.	40 000
FURE IDRETTSLAG	Trimrom ved Våge skule	100 000
ASKVOLL OG HOLMEDAL SKYTARLAG	Utstyr til skytebane	18 000
PREFORM AS	Gåva kan brukast til lydutstyr, prosjektorduk, sceneteppe og motorisert trekk.	190 000
KYSTLAGET BAKKEJEKTA	Frå Dalsfjorden til Bergen med Bakkejekta. Kunnskap om jektefart frå Fjordane til Bergen.	15 000
FAU VÅGE SKULE	Klatrepark i tilknytning til kunstgrasbane og volleyballbane på skulen sitt område.	100 000
STRAUMSNES GRENDELAG	Oppgradering uteområde ved Straumsnes Grendahus med ny asfalt.	100 000
TEATERFESTIVALEN I FJALER	Ekstrakostander og tapte bill.innt.	80 000
DALSFJORDEN SPELEMANNSLAG	Samle folkemusikkutøvarar til kappestrid i spel , song og dans.	10 000
DALE MUSIKKORPS	Midlar til oppstart av Fjaler skulemusikk.	200 000
HELLEVIK GRENDELAG	Påfyll av sand i badevika "Ura" i Hellevik.	25 000
GUDDAL FAMILIEKOR	Driftsstøtte og til utstyrskjøp,	20 000
HELLEVIK IDRETTSLAG	Midlar til aktivitetsskveldar.	5 000
FJALER OG OMEGN MOTORSPORTKLUBB	Midlar til kjøp av traktor og utstyr til denne.	250 000
FJORDEN GRENDALAG	Vedlikehald av grendahuset	20 000
NFU ASKVOLL - FJALER - HYLLESTD LOKALLAG	Årleg møteplass for medlemene.	5 000
HELLE OG VÅRDAL BYGDELAG	Midlar til innkjøp av oppvaskløyser i grendahuset.	50 000
DALE MUSIKKORPS	Drifta og instrumentkjøp.	40 000
DALE IDRETTSLAG	Vidareutvikling av dommararbeidet	

		30 000
GUDDAL UNGDOMSLAG	Driftsstøtte.	10 000
JAKOB SANDE-SELSKAPET	Residensordning for forfattarar, og FABEL-etablering av eit barne- og ungdomsteater.	200 000
FJALERHALLEN DRIFTSSELSKAPET	Speglar i aktivitetssal/dansesal i Fjalerhallen	25 000
BADEVIKA VEL	Sand, utbetring/fornyng stupebrett, trapp	50 000
DALE IDRETTSLAG	Stigruppa	60 000
Fjaler kommune	Støtte meirkostn lag og org i Fjaler	150 000
Soknerådet i Fjaler	Filming julekonserter 2020	18 750
SUM		3 098 750

Ei liste over gåvetildelingane for alle år ligg på stiftinga sine heimesider: www.ifjaler.no under Gåvetildeling og Tildelingar.



Trimrommet Våge skule. Foto: David Zadig

Eigedelar i stiftinga

Samla eigenkapital 31.12.20 var kr 139 335 120 (31.12.19 kr 137 618 959).
Sum eigedelar 31.12.20 var kr 143 473 696 (31.12.19 kr 147 319 560).

Resultat

Renteinntekter, utbytte på aksjar og eigenkapitalbevisa er stiftinga sitt inntektsgrunnlag. Det er utbytte på eigenkapitalbevisa i Sparebanken Sogn og Fjordane for 2019 som er inntektsført i 2020. Driftsutgiftene var kr 766 450 (2019: kr 758 678). Resultat finans er overskot kr 4 982 611 (2019: kr 9 644 516) og årsresultatet er kr 4 216 161 (2019: kr 8 885 839).

I 2020 fekk stiftinga utbetalt utbytte på eigenkapitalbevisa med kr 4 611 968 (2019: kr 8 647 440). Det var først foreslått eit utbytte kr 8.- pr EK-bevis for 2019, men på grunn av korona-pandemien vart dette endra til kr 4.- pr stk. Det er for Sparebanken Sogn og Fjordane foreslått eit utbytte kr 6.- pr EK-bevis for 2020, til utbetaling i 2020. Dette vil utgjere kr 4.611.968.- for Sparebankstiftinga Fjaler.

Disponering av overskot

Sparebankstiftinga Fjaler si generalforsamling vil kvart år fastsette storleiken på midlar til gåveføremål. Følgjande retningslinjer ligg til grunn for disponering av overskot til allmennyttige gåver:

- Normalt vil årleg tildeling av allmennyttige gåver utgjere inntil 60% av overskotet, men det er høve til å bruke ein større del, og også bruke av gåvefondet når særlege forhold tilseier det.
- Det vert prioritert å bygge opp gåvefond som kan nyttast i år med svakare økonomiske resultat.
- Resten av overskotet avsetjast til annan eigenkapital.

Disponering av overskot 2020:

- Gåver til allmennyttige føremål	kr 2.500.000
- Avsett til gåvefond	kr 1.000.000
- <u>Avsett til annan eigenkapital</u>	<u>kr 716.161</u>
Sum disponeringar	kr 4 216 161

STYRANDE ORGAN I STIFTINGA

Organisering

Etter vedtektene skal stiftinga ha generalforsamling, styre og dagleg leiar.

Generalforsamlinga

Generalforsamlinga er stiftinga sitt høgste organ og vel styret sine medlemer.

Generalforsamlinga vel òg revisor og fastset styret og revisor si godtgjersle.

Generalforsamlinga godkjenner stiftinga sitt årsoppgjer og fører tilsyn med stiftinga si verksemd.

Desse sit no i generalforsamlinga:

Innskytarvalde:

Mari Kyrkjebø, Dale

Magn-Helge Brattelid, Dale

Sigbjørn Solheim, Flekke

Malene Solheim, Dale

Ragnhild Berger Follevåg, Flekke/Str.

Oddgeir Lammetun, Korssund

Ola Hovland, Dale

Kennet Vik, Dale

Varamedlemer:

Jarle Hovland, Dale

Christine Nikøy Rogne, Dale

Valde av kommunestyret

Arve Helle, Dale

Hans André Lammetun, Korssund

Ida Søderstrøm, Dale

Vegard Skår, Dale

Geir Loneland, Dale

Anny Mari Holm, Dale

Frank Vik, Dale

Bjørn Helge Hjartholm, Dale

Varamedlemer:

Ivar Selvåg, Dale

Hjørdis Åsnes, Straumsnes

Ingunn Eiken, Dale

Svein-Erik Bøthun, Dale

Funksjonstida for dei kommunevalde medlemene av generalforsamlinga varer til og med handsaming av årsrekneskapen i generalforsamlinga for 2023.

Styret

Etter vedtektene skal styret ha 4-5 medlemer og inntil 3 varamedlemer. Styremedlemene er valde for 2 år om gongen, derav leiar er vald for 1 år om gongen. To, vekselvis tre er på val kvart år.

Gjeldande styre:

Randi Engen, Guddal,	leiar	Rolf Kleiven, Dale,	medlem
Ingvard Flekke, Flekke,	nestleiar	Marianne Furevikstrand, Holmedal,	
Kristin Kyrkjebø, Dale,	medlem	medlem	
Kjartan Habbestad, Flekke	varamedlem		

Administrasjon

Ole Anders Hope ved Accountor HAFS Hope Rekneskapskontor AS har vore engasjert som dagleg leiar frå 01.07.2012.

Stiftinga sin forretningsstad er i Fjaler kommune.

Likestilling

Dagleg leiar er mann. Styret består av 2 menn og 3 kvinner. Styreleiar er kvinne. Det er ikkje planlagt spesielle tiltak for å fremja likestilling då styret ikkje er kjent med at det har vore forskjellsbehandling i strid med lov om likestilling.

Styret vil arbeide for at stiftinga har eit godt arbeidsmiljø og eit godt samarbeidsklima med tilsette i Sparebanken Sogn og Fjordane og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.

Verksemda ureinar ikkje det ytre miljøet.

Vilkår for vidare drift er lagt til grunn ved utarbeidinga av rekneskapen.

Den framlagde rekneskapen gjev ei korrekt framstilling av stiftinga si økonomiske stilling.

Dale 26. mars 2021

Randi Engen, styreleiar (sign.) Marianne Furevikstrand (sign.) Kristin Kyrkjebø (sign.)


Ingvard Flekke(sign.) Rolf Kleiven(sign.) Ole Anders Hope, dagleg leiar (sign.)



Årsrekneskap 2020

Sparebankstiftinga Fjaler

Resultatrekneskap
Balanse
Notar til rekneskapen



Org.nr.: 995 882 949

RESULTATREKNESKAP

SPAREBANKSTIFTINGA FJALER

	Note	2020	2019
DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER			
Anna driftsinntekt			
Lønskostnad	6	225 896	180 586
Annan driftskostnad	6	540 554	578 092
Sum driftskostnader		766 450	758 678
Driftsresultat		-766 450	-758 678
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Anna renteinntekt	2	282 756	295 365
Anna finansinntekt	2	4 722 366	9 142 910
Annan rentekostnad		2 218	819
Annan finanskostnad	5	20 293	-207 060
Resultat av finansposter		4 982 611	9 644 516
Ordinært resultat før skattekostnad		4 216 161	8 885 839
Ordinært resultat		4 216 161	8 885 839
Årsresultat	4	4 216 161	8 885 839
DISPONERING			
Avsett til gaver	4	2 500 000	3 500 000
Avsett til gavefond	4, 7	1 000 000	3 000 000
Avsett til annen egenkapital	4	716 161	2 385 839
Sum disponeringar		4 216 161	8 885 839

BALANSE

SPAREBANKSTIFTINGA FJALER


EIGEDELAR	Note	2020	2019
ANLEGGSMIDDEL			
Anna eignedom, varig verdi		43 313	0
Sum immaterielle egedelar		43 313	0
Programvare, driftslausøyre		141 000	0
Sum varige driftsmiddel		141 000	0
FINANSIELLE ANLEGGSMIDDEL			
Eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane	3	106 453 000	106 453 000
Sum finansielle anleggsmiddel		106 453 000	106 453 000
Sum anleggsmiddel		106 637 313	106 453 000
OMLØPSMIDDEL			
INVESTERINGAR			
Andre marknadsbaserte finansielle instrument		10 014 521	5 990 622
Eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane	3, 5	10 000 060	10 000 060
Andre finansielle instrument		255 107	197 355
Sum investeringar		20 269 688	16 188 036
Bankinnskott, kontantar og liknande	2	16 566 695	24 678 524
Sum omløpsmiddel		36 836 383	40 866 560
Sum egedelar		143 473 696	147 319 560

BALANSE

SPAREBANKSTIFTINGA FJALER

EIGENKAPITAL OG GJELD	Note	2020	2019
INNSKOTEN EIGENKAPITAL			
Grunnkapital	4	106 453 000	106 453 000
Sum innskoten eigenkapital		106 453 000	106 453 000
ANNAN EIGENKAPITAL			
Annan eigenkapital	4	26 663 367	25 947 206
Gåvefond		6 218 753	5 218 753
Sum annan eigenkapital		32 882 120	31 165 959
Sum eigenkapital	4	139 335 120	137 618 959
GJELD			
KORTSIKTIG GJELD			
Leverandørgjeld		48 519	79 333
Skuldige offentlege avgifter	6	22 642	25 215
Anna kortsiktig gjeld	7	4 067 414	9 596 053
Sum kortsiktig gjeld		4 138 575	9 700 601
Sum gjeld		4 138 575	9 700 601
Sum eigenkapital og gjeld		143 473 696	147 319 560

Fjaler, 26.03.2021
Styret i Sparebankstiftinga Fjaler




Randi Oddny Engen
styreleiar




Rolf Kleiven
styremedlem




Ingvard Andreas Flekke
styremedlem



Marianne Furevikstrand
styremedlem



Kristin Kyrkjebø
styremedlem



Ole Anders Hope
dagleg leiar

NOTE 1. Rekneskapsprinsipp

Sparebankstiftinga Fjaler vart skipa 01.09.2010 og er lokalisert i Fjaler. Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med reglane i rekneskapslova, norske rekneskapsstandardar og reglar for små føretak.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigedelar og gjeld

Eigedelar skaffa til varig eige eller bruk er klassifiserte som anleggsmiddel. Andre eigedelar er klassifiserte som omløpsmiddel. Krav som skal tilbakebetalast innan eitt år er klassifiserte som omløpsmiddel. Anleggsmiddel er vurderte til kostpris, men vert nedskrivne til verkeleg verdi når verdifallet ikkje er venta å vere forbigåande. Børsnoterte finansielle anleggsmiddel vert nedskrivne til marknadsverdi uavhengig av om verdifallet er venta å vere forbigåande. Anleggsmiddel med avgrensa økonomisk levetid vert avskrivne planmessig. Omløpsmiddel er vurderte til lavaste av kostpris og verkeleg verdi.

Marknadsbaserte finansielle omløpsmiddel

Aksjar, eigenkapitalbevis og andre eigedelar som inngår i ein handelsportefølje vert vurderte for heile porteføljen til det lavaste av kostpris eller verkeleg verdi på balansedagen. Motteke utbytte og andre utdelingar frå selskapa vert vurderte som anna finansinntekt. Utbytte vert inntektsført når det vert utbetalt.

Skatt

Stiftinga har ikkje erverv som formål, og er ikkje skattepliktig jfr. Skattelova sine reglar om skattefrie institusjonar.

NOTE 2. Bankinnskot, renteinntekter og utbytte

Renter frå innskot i bank utgjer totalt kr 282 756 i 2020.

Sum inneståande i bank pr. 31.12.2020 utgjer kr 16 566 695.

I 2020 er det motteke og inntektsført utbytte kr 4 611 968 frå Sparebanken Sogn og Fjordane. Sparebankstiftinga Fjaler sine midlar har i 2020 hovudsakleg vore plassert som bankinnskot, men på grunn av den lave renta har ein del av midlane vore plassert i ulike fond. Ved utgangen av 2020 var det plassert samla kr 10 269 628 i fond og andre plasseringar. Realisert vinst på fond var i 2020 kr 0. Urealisert tap på marknadsbaserte finansielle omløpsmiddel var 23 535 pr 31.12.2020. Av urealisert tap i 2019 på marknadsbaserte finansielle omløpsmiddel i forhold til kostpris er kr 0 tilbakeført som inntekt. I 2020 er det i tillegg ein urealisert, ikkje bokført vinst på ca kr 1.180.000, pr. 31.12.

For 2020 vil det føreslegne utbyttet frå Sparebanken Sogn og Fjordane utgjere kr 6.917.952,- for Sparebankstiftinga Fjaler. Dette utbyttet vert inntektsført i 2021-rekneskapen.

Kr 16 087 er bundne skattetrekksmidlar på skattetrekkskonto.

NOTE 3. Eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane

	Eigarandel	Tal eigen- kapitalbevis	Pålydande	Kostpris
Sparebanken Sogn og Fjordane	5,92 %	1 152 992	100	116 453 060

Stiftinga eigde 1 152 992 eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane pr 31.12.20. Desse er bokførde til pålydande kurs à kr 100.-. Eigarandelen utgjør 5,92%. Likningsverdien pr 31.12.20 er kr 210 063 612.

1 064 530 av eigenkapitalbevisa til kurs à kr 100.- utgjør grunnkapitalen i Sparebankstiftinga Fjaler.

NOTE 4. Eigenkapital

	Grunnkapital	Overkurs- fond	Gåvefond	Annan eigenkapital	Sum eigenkapital
Pr. 31.12.2019	106 453 000	0	5 218 753	25 947 206	137 618 959
Endringar ført mot EK					0
Pr 01.01.2020	106 453 000	0	5 218 753	25 947 206	137 618 959
Pr. 01.01.2020	106 453 000	0	5 218 753	25 947 206	137 618 959
Avsett til gåvefond			1 000 000		1 000 000
Overført frå gåvefond			0		0
Avsett til annan eigenkapital				716 161	716 161
Pr 31.12.2020	106 453 000		6 218 753	26 663 367	139 335 120

NOTE 5. Marknadsbaserte aksjar, eigenkapitalbevis

	31.12.2020
Andre marknadsbaserte finansielle instrument	10 269 628
Eigenkapitalbevis Sparebanken Sogn og Fjordane	10 000 060
Sum finansielle investeringar	20 269 688

Prinsipp for vurdering verdi av aksjar og eigenkapitalbevis:

Plassering i aksjar og eigenkapitalbevis som inngår i ein handelsportefølje vert vurdert for heile porteføljen til det lavaste av kostpris eller marknadsverdi på balansedagen. Netto realisert vinst/tap vert ført som annan finansinntekt/kostnad.

Det har vore investert i aksjefond og eigenkapitalbevis i 2020.

31.12.2020

Likningssverdi:

Likningsverdi eigenkapitalbevis Sparebanken Sogn og Fjordane	kr	210 063 612
--	----	-------------

Marknadsverdi andre marknadsbaserte finansielle instrument:

Eigenkapitalbevis Sparebanken Vest	kr	260 907
Skagen Avkastning	kr	2 102 442
DNB Aktiv 10	kr	2 123 659
Pareto Investment Fund A	kr	1 294 497
Pareto Obligasjon A	kr	257 719
Pareto Global B	kr	1 954 114
Pareto Nordic Alpha A	kr	1 192 943
Pareto Nordic Cross Credit A	kr	1 040 214
Pluss Etisk Utland	kr	678 863
Pluss Aksje	kr	476 465
Sum likningsverdi og marknadsverdi	kr	221 445 435

NOTE 6. Løn og godtgjersle tilsette, dagleg leiing, styre og generalforsamling m.m.

Lønskostnader	2020	2019
Løner	211 000	164 000
Arbeidsgjevaravgift	14 581	16 148
Pensjonskostnader	0	0
Andre ytingar	315	438
Sum	225 896	180 586

Gjennomsnittleg tal årsverk: 0,25 på årsbasis.

Ytingar til leiande personar	Dagleg leiar	Styret
Løn	Sjå avsnitt nedanfor:	177 000
Pensjonsutgifter	0	0
Anna godtgjersle	0	0

Sparebankstiftinga Fjaler har ikkje tilsette personar, og har difor ikkje plikt til å ha pensjonsordning.

Accountor HAFS Hope Rekneskapskontor AS ved Ole Anders Hope er engasjert som dagleg leiar. Samla honorar for rekneskapsføring og dagleg leiing i 2020: kr 299 218 inkl. mva.

Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar for 2020 utgjer kr 25 000.

NOTE 7. Avsett til gåver

Det er av overskot for 2020 avsett kr 2 500 000 til gåveutdeling. Dette er ført opp under anna kortsiktig gjeld i balansen.

Vanlegvis kan det maksimalt delast ut inntil 60% av overskotet til gåver kvart år, og inntil resten av overskotet kan avsetjast til gåvefond for framtida. Det er høve til å bruke av gåvefondet til større lokale tiltak, og at tildelinga kan vere større enn 60% så lenge det er forsvarleg. Det er for 2020 sett av kr 1 000 000 til gåvefond, og kr 716 161 til annan eigenkapital. Gåvefondet står som eigenkapital under opptent kapital, og utgjør saman med tidlegare avsett; kr 6 218 753. Det er eit mål at gåvefondet skal innehalde nok midlar til 3 års gåveutdeling, og oppbygging er føresett skal halde fram i 2021.

Styret i Sparebankstiftinga Fjaler har i 2020 delt ut gåver til almennyttige føremål med kr 3 098 750.

Av totalt utdelte gåver er kr 1 058 750 ikkje utbetalt pr 31.12.2020, og er bokført under anna kortsiktig gjeld.

Anna kortsiktig gjeld utgjør:

Avsett til utdeling av overskot 2020:	kr	2 500 000
Rest av tidlegare avsetningar til utdeling	kr	493 664
Ikkje utdelt av På Rappen-midlar:	kr	15 000
Ikkje utbetalt av utdelte gåver:	kr	1 058 750
<u>Skuldig løn og feriepengar</u>	kr	0
Sum	kr	4 067 414



Til årsmøtet i Sparebankstiftinga Fjaler

Melding frå uavhengig revisor

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert Sparebankstiftinga Fjaler sin årsrekneskap som er samansett av balanse per 31. desember 2020, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2020, og av resultata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Leiinga er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga.

Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje den ytterlegare informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom vi konkluderer med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagde å rapportere det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at han gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide



ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Målet med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For beskriving av revisor sine oppgåver og plikter visar vi til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Konklusjon om utdeling og forvaltning

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi stiftinga er forvalta og utdelingar er gjort i samsvar med lov, stiftinga sitt formål og stiftinga sine vedtekter.

Sogndal, 26. mars 2021
PricewaterhouseCoopers AS

Richard Nesheim
Statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

Revisjonsberetning

Signers:

Name	Method	Date
Nesheim, Richard	BANKID_MOBILE	2021-03-26 13:25



This document package contains:

- Closing page (this page)
- The original document(s)
- The electronic signatures. These are not visible in the document, but are electronically integrated.



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.